

Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid

- søknadsskjema

Send skjema til Hordaland fylkesarkiv, P.B. 7900, 5020 Bergen, eller fylkesarkivet@hfk.no innan **15. mai 2016**.

Kontaktperson: Anne Aune, anne.aune@hfk.no, 55239956

1. Søkjar		
Namn på søkjar:	Osterøy Sogelag og Osterøy Museumslag i samarbeid med Osterøy Museum	
Organisasjonsnr:	970004955	
Kontaktperson:	Geir Kleiveland	
Adresse:	5281 Valestrandsfossen	
Telefon:	56394617	E-post: gkleivel@online.no
Skattekommune:	Osterøy	
Medlemstal:		

2. Søknad			
Totalbudsjett:	60000	Søknadssum:	30000
Tidsskrift/publikasjonar:			
Skisse for prosjektet:			
<p>Osterøy Museumslag og Osterøy Sogelag søker i samarbeid med Osterøy museum midlar til å gjennomføre eit dokumentasjonsprosjekt av handverkstradisjon og småindustri på Osterøy.</p> <p>Vi ønskjer å dokumentere korleis kunnskapen om den tradisjonelle produksjonen av tresko i Mjøsvågen i dag vert vidareført gjennom eit lokalt forankra, frivillig initiativ. Dette vart sett i gang av Treskoverkstadens vener i 2004. Den vesle fabrikk var i si tid eit viktig samlingspunkt i bygda, og er et representativt eksempel på tradisjonshandverk og småindustri på Osterøy. At verksemda i dei seinare åra har tatt opp igjen produksjonen, med tradisjonelle teknikkar og gammalt maskineri, byr på ei unik mogelegheit til å dokumentere og formidle industrihistorie, så vel som immateriell kulturarv. Målet med dette prosjekter er å utfylle informasjonen frå historiske fotografiar og arkiv frå perioden 1924 til 1950, samt dokumentere dagens praksis som ikkje er tilstrekkeleg gjort tidlegare.</p> <p>Det finst alt ein del dokument i Osterøy Museum sine arkiv, som omhandlar treskoverkstaden, men det er også ønskeleg å sikre ei større breidde av historiske foto frå småindustri i Nordhordland generelt og på Osterøy spesielt. Sogelaget, museumslaget og museet har eit pågåande samarbeid om innsamling av historiske fotografi i regionen. Dette prosjektet vil fungere som ei spissing av samarbeidet (mot eit konkret, tidsavgrensa resultat) som kan formidlas gjennom utstilling og publikasjonar.</p> <p>Metodane vil innebere intervju i samspel med historiske bilete, så vel som dokumentasjonsfoto og video, og skal ende opp i ei fysisk og ei digital utstilling. Det innsamla materialet i prosjektet vil også kunne legges grunnlag for fleire typar formidlingsprosjekt og publikasjonar i sogeskrift og årbøker.</p> <p>Målet med prosjektet om fortsatt innsamling av historisk kjeldemateriell, samt formidling gjennom ein digital arena samsvarar med målsettingane i Regional plan for kultur 2015 – 2025. Formidlinga av handverkstradisjonar og støtta til det frivillige initiativet driven av treskoverkstadens vener, kan også gi grunnlag for ny rekruttering og kulturbasert næringsutvikling.</p> <p>Bakgrunn: Hosanger treskofabrikk blei starta av Andreas Mjøs i 1924, og produserte tresko for herrar, damer og barn fram til midten av 1950- talet. Fabrikk blei nedlagt etter at etterspørselen gradvis hadde minka ettersom meir moderne sko kom på markedet (Bjerregård 1994). Maskinene og restopplaget av tresko blei ståande igjen i lokalet. I 2004 ble drifta tatt opp igjen på initiativ frå lokale eldsjeler, som ønsket å vidareføre det tradisjonelle handverket, og dermed bevare kunnskapen for nye generasjonar.</p>			

Den maskinelle prosessen skjer i sju ledd ved hjelp av balansesag via kopieringsmaskin og utfresing til pussemaskin. Skoemna vart laga frå tømmerstokkar som vart fløta inn fjorden og oppbevart i vatnet for å halde på fuktigheita. Stokkane vart dradd opp i fabrikkhuset ved hjelp av ei tømmeraks. Etter forming, fresing og pussing vart treskoa malt med tjære eller satt inn med kreosot, deretter hengde på krokar i taket til tørk.

Mål og framdriftsplan for prosjektet:

Mål:

- **Samle inn historiske fotografi frå småindustri og tradisjonelt handtverk i Nordhordland generelt og Osterøy spesielt.**
- **Dokumentere den tradisjonelle produksjonen av tresko ved Hosanger treskofabrikk i dag, ved hjelp av intervju, foto og video.**
- **Produsere ein digital og ein fysisk utstilling, og legge til rette for framtidige publikasjonar.**

Prosjektet startar i juni, og skal ferdigstillast i desember 2016 (for detaljer, sjå vedlagt framdriftsplan).

3. Sammendrag av prosjektet (minimum 10 linjer):

Osterøy museumslag, Osterøy Sogelag og Osterøy museum ønsker å søkje midlar til innsamling av historiske fotografi, samt til å gjennomføre eit dokumentasjonsprosjekt av treskoproduksjonen ved Hosanger treskoverkstad i Mjøs vågen. Prosjektet skal gjennomførast i løpet av året 2016 og resultere i ein digital og ein fysisk utstilling, samt legge til rette for framtidige publikasjonar.

Innsamling av historiske bilete er eit pågåande samarbeidsprosjekt mellom sogelaget og museet, og ønsket med dette prosjektet er å spisse innsamlinga mot eit tidsavgrensa, konkret prosjekt. Vi meiner dette prosjektet vil være med på å stimulere interessa for tradisjonshandtverk og lokalt engasjement. Dokumentasjonen av dei tradisjonelle handverksmetodane nytta ved treskoverkstaden i dag, vil også være eit ledd i bevaring og vidareføring av immateriell kulturarv for framtida.

Tilskotet det vert søkt om skal nyttast til produksjon av materiell til ei fotoutstilling, samt til innkjøp av moderne opptaksutstyr som sogelaget kan bruke til intervju. Det er også ønskeleg å bruke delar av summen til produksjon av informasjonsmateriell og lønnsmidlar (sjå vedlagt budsjett).

Søklarar som får innvilga tilskot, skal levere rapport for prosjektet innan 31.12.2016.